

## Årsmelding 2025

Årsmøtet 2025 blei avvikla 10. februar på Øyfjell skule. I tillegg til årsmøtesaker viste turleiarane bilete og fortalde frå turar vi hadde arrangert.

Styret og valnemnd i 2025:

- Leiar: Synnøve Bratland
- Nestleiar: Harald Rishovd
- Sekretær: Kyrre Hegg
- Kasserar: Thor Christiansen
- Styremedlem: Laila Apeland
- Varamedlemmar: Trine Lothe
- Kontaktperson for Barnas turlag Vinje: June Verstod
- Valnemnd: Jorunn Solberg, Cecilie Nesheim og Laila Veslestaal



Styret hadde seks styremøte i 2025. I tillegg hadde vi mykje kontakt via Messenger-gruppa vår og e-post. Trine Lothe og Jorunn Solberg deltok på årsmøtet og frivilligsamling i DNT Telemark. Vinje turlag har 165 medlemmer.

Vinje turlag har gjeve høyringssvar til arealplan for Vinje og til «soner der ferdsel blir regulert eller innskrenka, for å betre levekåra for villrein på Vinje sin del av Hardangervidda». Vi er opptekne av at våre aktivitetar skal ta omsyn til at villreinen ikkje skal forstyrrast. Styreleiar deltek på møter i Reiselivsgruppa/Destinasjonsleiing i Vinje kommune. Her er tema bl.a. turstiar, turmål og dagsturhytte. Det er viktig at vi blir invitert inn.



Vi vil særleg trekke fram Kristin Larsen og Vierli for godt samarbeid med Barnas Turlag. Styret og turleiarane brukar mykje av fritida si for at vi skal få til aktivitetar. Det er registrert totalt 468 dugnadstimar. Dette er truleg underrapportert.

June Verstod, Barnas Turlag Vinje gjennomførde turleiar kurs. Trine Lothe, Jorunn Solberg og Karin Kvålseth har deltatt på fleire aktivitetsleiar samlingar og kurs for kompetanseheving havpadling.

## Turar og kurs 2025

| Dato           | Deltakarar | Turmål                                    |
|----------------|------------|-------------------------------------------|
| 12 januar      | 32         | Trugetur Furufjell                        |
| 18 januar      | 250        | Kom Deg Ut, Vierli                        |
| 12 februar     | 28         | Trugetur Troddejuv                        |
| 13. mars       | 28         | Trugetur Solbjørfjell                     |
| 21. - 23. mars | 14         | Topptur Haukelifjell                      |
| 1 april        | 7          | Tur på Bratteskarnten med USN             |
| 21. juni       | 5          | Familiedag kajakk Oftevatn                |
| 23. juni       | 100        | St.Hans feiring Fagerstrand, Austbø       |
| 17. aug        | 12         | Kajakktur Totak                           |
| 6. sept        | 220        | Kom deg ut dagen Vierli                   |
| 10 sept        | 4          | Tur til Dansarsteinen m/USN               |
| 20 sept        | 30         | Familietur Furufjell m/frivilligsentralen |
| 20. sept       | 10         | Topptur Nupseggi, Haukelifjell            |
| 21sept         | 10         | Tur til Nupsredet, Haukelifjell           |
| 25. – 30. des  | 105        | Moro med turskeiser på Lognvikvatn        |





I «Friluftlivets år» hadde vi lagt opp til å satse på arrangement til ungdom. Toppturkurs for ungdom blei avlyst pga snømangel og introkurs kajakk for ungdom fekk ingen påmelde, truleg pga kaldt vær og pøsregn. Arrangementa til Barnas turlag samlar flest deltakarar. Vi har hatt 20 turar/arrangement. Det har vore 883 deltakarar. Dei fleste arrangementa er gratis for deltakarane. Kurs og turar med overnatting har deltakaravgift. Vi informerer om arrangement på [Vinje turlag - DNT](#), i den kommunale kalenderen og på Facebook-sidene til Vinje turlag og Barnas turlag Vinje.

På tampen av året fekk vi kr 50 000 frå Gjensidigestiftelsen til kjøp av turskeiser. Sidan vi hadde ei snøfattig jol, men kaldt og flotte isar, blei det stor aktivitet i romjola.

Vinje Turlag takkar alle styremedlemar, turleiarar og medlemar for eit år med trivelege aktivitetar.

